



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 24

(2008–2009)

Om endringer i statsbudsjettet for 2008 mv. under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 14. november 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringer i løyvingar under programkategoriane 21.10 Administrasjon, 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10. Post og telekommunikasjonar. Vidare blir det gjort framlegg om å auke beløpsgrensa for å føre midlar til Post- og teletilsynets reguleringsfond og at departementet kan gi Luftfartstilsynet fullmakt til å inngå avtale om å leige lokale i Bodø. Det blir òg gjort greie for to sakar som gjeld bompengoordningar på veg.

2 Programkategori 21.10 Administrasjon m.m.

Kap. 4300 Samferdselsdepartementet

Post 96 Aksjar

Akershus fylkeskommune, Oslo kommune og Samferdselsdepartementet har ått ein tredel kvar av aksjane i Stor-Oslo Lokaltrafikk AS. Aksjekapitalen var på 2 mill. kr. Alle aktivitetane i selskapet blei frå 1. januar 2008 overført til Ruter AS. Ordinær generalforsamling i selskapet vedtok 3. april 2008 å oppløye og avvikle selskapet. Aksjekapitalen er no tilbakebetalt til eigarane. Samferdselsdepartemen-

tet foreslår derfor å budsjettere med 667 000 kr på kap. 4300, post 96 Aksjar.

3 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

Kap. 1313 Luftfartstilsynet

Post 01 Driftsutgifter

Aktiviteten i luftfartssektoren er i 2008 høgare enn venta. Den auka aktiviteten har m.a. ført til ein auke i utferding av flygedyktigheitsbevis og årsgebyr, auke i dokumentutsteding av sertifikat og vandelskontroll. For Luftfartstilsynet har dette ført til at tilsynsverksemnda har auka. Utgiftene til tilsynsverksemnda har dermed blitt høgare. Samstundes har inntektene frå denne verksemnda auka. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1313, post 01 Driftsutgifter, med 12 mill. kr. Inntektene blir auka tilsvarende, jf. kap. 4313, post 01.

Kap. 4313 Luftfartstilsynet

Post 01 Gebyrinntekter

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4313, post 01 Gebyrinntekter, med 12 mill. kr, jf. omtalen under kap. 1313, post 01 Driftsutgifter.

Nye lokale for Luftfartstilsynet

Stortinget vedtok i 2003 at Luftfartstilsynet skulle flytte frå Oslo til Bodø, jf. St.meld. nr. 17/Innst. S. nr. 22 (2002-2003). Fram til i dag har Luftfartstilsynet leigd lokale av Avinor AS på Bodø lufthamn. Luftfartstilsynet i Bodø har no blitt så stort at lokala er for små. Ytterlegare utviding av lokala er ikkje mogleg. Luftfartstilsynet arbeider derfor no med å skaffe nye lokale til verksemda i Bodø.

Leige av lokale som blir bygd med utleige som føremål, er omfatta av lov og forskrift om offentlege anskaffingar. I samsvar med regelverket har Luftfartstilsynet henta inn tilbod på nye lokale i Bodø.

Kravspesifikasjon for anbudsutlysinga er tilpassa normal standard når det gjeld denne type verksemd med cellekontor, møterom mv. Statsbygg har hjulpet til med utforminga av funksjonskrav og vil også bli trekt inn i samband med innføring av kontrakt.

Det kom inn ni tilbod. Alle tilboda gjeld nybygg i nærleiken av Bodø lufthamn. Pris varierer betydeleg. Tilbydd leigepris varierer både frå tilbod til tilbod og for ulike leigeperiodar. Det vil vere mest aktuelt å inngå leigekontrakt for ein periode på 20 år. Tilboda gjeld fram til 15. januar 2009.

For Luftfartstilsynet vil den totale leigekostnaden for nye lokale bli minst om lag 15 mill. kr pr. år og med ein tilhøyrande driftskostnad på minst 3,5 mill. kr, dvs. ein årleg kostnad på i alt minst 19 mill. kr. Tilsynet har i dag ein leigekostnad på 4,53 mill. kr og ein driftskostnad på 1,37 mill. kr, dvs. 5,9 mill. kr i året. Samanlikna med i dag legg departementet til grunn ei auka årleg driftsutgift for leige av lokale på 12-15 mill. kr frå og med budsjettåret 2011.

Ein auka driftskostnad på 12-15 mill. kr kan ikkje dekkjast innanfor gjeldande løyvningsnivå på kap. 1313, post 01 Driftsutgifter, utan at dette vil gå vesentleg ut over tilsynet si evne til å utføre sine oppgåver. Husleigekostnader inngår frå 2009 i kostnadsbasen for tilsynsverksemda til Luftfartstilsynet. Dei auka kostnadene vil derfor i stor grad bli dekt inn gjennom auka gebyrinntekter på kap. 4313, post 01 Gebyrinntekter.

Luftfartstilsynet har ikkje fullmakt til å pådra staten forplikningar som går ut over gjeldande løyvningsnivå for seinare budsjettår. På denne bakgrunn ber Samferdselsdepartementet om at departementet kan gi Luftfartstilsynet fullmakt til å inngå avtale om leige av lokale som pådrar staten forplikningar på inntil 15 mill. kr ut over det som kan dekkjast innafor gjeldande løyvningsnivå under kap. 1313, post 01 Driftsutgifter, frå og med budsjettåret 2011.

4 Programkategori 21.30 Vegformål

Kap. 1320 Statens vegvesen

Post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

I midten av august gjekk det eit større steinras på rv 70 Oppdølsstranda i Sunndal kommune. To bilar blei treffe av steinmassane, og ein person blei sendt til sjukehus. Strekninga var stengd for trafikk i fleire dagar. Steinsprangnettet som er montert ovafor vegen, fanga opp større mengder med stein.

Førebels overslag viser at kostnadene for Statens vegvesen for opprydding og utbetring av fangjerdet vil bli på om lag 15 mill. kr.

Realistisk budsjettering av inntekter

På grunn av dei endra inntektsoverslaga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., post 02 Diverse gebyr og post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald, med 176 mill. kr. Auken i løyvinga har ikkje nokon effekt på aktivitetsnivået i Statens vegvesen, jf. omtalen under kap. 4320, postane 01, 02 og 03.

Oppsummering

På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., med i alt 191 mill. kr.

Post 29 Vederlag til OPS-prosjekt

Kontrakt for OPS-prosjektet E18 Grimstad – Kristiansand i Aust-Agder og Vest-Agder blei inngått i juni 2006. Delstrekningane Øygardsdalen – Tjoretjerra i Grimstad og Dyreparken – Rona i Kristiansand blei opna for trafikk i juli 2008, medan heile strekninga Øygardsdalen – Rona etter planen skal stå ferdig i august 2009.

Ut frå praksis for dei to tidlegare OPS-prosjekta har det vore lagt til grunn at all meirverdiavgift for anleggsarbeidet vil bli fakturert når heile strekninga står ferdig. Skatteetaten ved Skatt sør meiner derimot at meirverdiavgifta skal betalast kontinuerleg i anleggsperioden. Utgiftene til meirverdiavgift for prosjektet i 2008 er anslått til 175 mill. kr.

I løyvinga på post 29 for 2008 inngår ikkje utgifter til meirverdiavgift. Kontinuerleg innbetaling av meirverdiavgift vil derfor føre til høgare utgifter for Statens vegvesen enn lagt til grunn. For staten vil meirverdiavgiftsinntektene bli tilsvarande høgare. Samferdselsdepartementet foreslår derfor

å auke løyvinga på kap. 1320, post 29 Vederlag til OPS-prosjekt, med 175 mill. kr.

Post 30 Riksveginvesteringar

På grunn av dei endra inntektsoverslaga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 1330, post 30 Riksveginvesteringar, med 36 mill. kr. Auken i løyvinga har ikkje nokon effekt på aktivitetsnivået i Statens vegvesen, jf. omtalen under kap. 4320, post 01.

Kap. 4320 Statens vegvesen

Post 01 Salsinntekter m.m.

Statens vegvesen har inntekter frå m.a. tilbakebetaling frå bompengeselskapa av utlegg som Statens vegvesen har hatt i samband med kjøp av bompengebrikker, sal av kjennemerke. Det er knytt utgifter til desse inntektene. Inntektene kan variere frå år til år, noko som gjer at det kan vere vanskeleg å fastsetje nivået ved budsjetteringa. Det er derfor knytt ei meirinntektsfullmakt til posten.

Rekneskapen for dei siste åra viser at inntektene har vore vesentleg høgare enn budsjettert. For 2007 viser rekneskapen inntekter på posten på nesten 313,6 mill. kr, medan det var budsjettert med 135 mill. kr i inntekter. Ut frå kravet til realistisk budsjettering må inntektene og utgiftene aukast. På grunnlag av nye prognosar for inntektene i 2008 foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., med 120 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., og post 30 Riksveginvesteringar.

Post 02 Diverse gebyr

Statens vegvesen har inntekter frå ulike gebyr som førarkortgebyr, gebyr for dagprøvekjennermerke, påskiltingsgebyr, kontrollgebyr og gebyr for myndigheitskontrollar. Det er knytt utgifter til desse inntektene. Inntektene kan variere frå år til år, noko som gjer at det kan vere vanskeleg å fastsetje nivået ved budsjetteringa. Det er derfor knytt ei meirinntektsfullmakt til posten.

Rekneskapen for dei to siste åra viser at inntektene har vore høgare enn budsjettert. For 2007 viser rekneskapen inntekter på posten på 297,6 mill. kr, medan det var budsjettert med 245 mill. kr i inntekter. Ut frå kravet til realistisk budsjettering må inntektene og utgiftene aukast. På grunnlag av nye prognosar for inntektene i 2008 foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 4320, post 02 Diverse gebyr, med 44 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

Post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap

Statens vegvesen mottok innbetalingar frå forsikringsselskap. Dette gjeld faktiske utgifter for skader som køyretøy har påført m.a. vegutstyr. Refusjonane har ei tilsvarende utgiftsside. Inntektene kan variere frå år til år, noko som gjer at det kan vere vanskeleg å fastsetje nivået ved budsjetteringa. Det er derfor knytt ei meirinntektsfullmakt til posten.

Rekneskapen for dei to åra posten har vore i bruk, viser at inntektene har vore vesentleg høgare enn budsjettert. For 2007 viser rekneskapen inntekter på posten på 84,9 mill. kr, medan det var budsjettert med 40 mill. kr i inntekter. Ut frå kravet til realistisk budsjettering må inntektene og utgiftene aukast. På grunnlag av nye prognosar for inntektene i 2008 foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 4320, post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap, med 48 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

Kap. 4322 Svinesundsforbindelsen AS

Post 90 Avdrag på lån

Det er i 2008 behov for 9,3 mill. kr til grunnverv, etterarbeid og sluttoppgjer for den norske delen av prosjektet Svinesundsforbindelsen. I staden for å løyve nye midlar til lån meiner Samferdselsdepartementet det vil vere mest praktisk å dekkje utgiftene til etterarbeid mv. ved å nytte bompengar. Dette vil medføre at avdraget på det statlege lånet i 2008 vil bli tilsvarende lågare, og at løyvinga på kap. 4322, post 90 Avdrag på lån, må reduserast. Ein reduksjon av avdraget vil ikkje endre dei budsjetterte renteinntektene i 2008 for lånet. På denne bakgrunn foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 4322, post 90 Avdrag på lån, med 9,3 mill. kr.

E6 Trondheim – Stjørdal – vidareføring av innkrevjingsordninga

Som omtalt i St.prp. nr. 1 (2008-2009), er det lokalpolitisk tilslutning til å utvide bompengeprojektet E6 Trondheim – Stjørdal til også å omfatte endeparsellane Nidelv bru – Grillstad i Trondheim kommune og Værnes – Kvithammar i Stjørdal kommune. Prosjektet er kvalitetssikra eksternt (KS2). Kommunane og fylkeskommunane har slutta seg til forslag til finansieringsplan. Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 24 (2007-2008) og St.prp. nr. 45 (2007-2008) har Stortinget slutta seg til å utvide eksisterande innkrevjingsordning for å finansiere prosjektering, grunnundersøkingar og innløyning av bustader i samband med prosjektet.

Eksisterande bompengelån vil vere nedbetalt rundt årsskiftet 2008/2009. Statens vegvesen har derfor, i forståing med den politiske samarbeidsgruppa for prosjektet, foreslått å vidareføre innkrevjinga av bompengar på E6 mellom Trondheim og Stjørdal fram til Stortinget har behandla forslaget om å utvide prosjektet. Ei slik vidareføring vil innebere at bompengeselskapet slepp å permittere dei som arbeider på bomstasjonane. Vidare vil det sikre midlar til prosjektering og utarbeiding av konkurransegrunnlag, slik at dette arbeidet kan gå som planlagt. Midlane kan òg gå til innløyasing av bustader m.m.

Samferdselsdepartementet sluttar seg til det foreslåtte opplegget med å vidareføre innkrevjinga fram til Stortinget har behandla forslaget om å utvide prosjektet. Regjeringa legg opp til å fremje ein proposisjon om utvidinga før årsskiftet 2008/2009, med sikte på anleggsstart i 2009.

Utviding av bompengeneinnkrevjinga på rv 714 Hitra – Frøya fastlandssamband i Sør-Trøndelag

Innleiing

Prosjektet Hitra – Frøya fastlandssamband er delfinansiert med bompengar, jf. St.prp. nr. 97/Innst. S. nr. 246 (1989-90). Prosjektet er no nedbetalt etter ei samla innkrevjingstid, inkludert førehandsinnkrevjing, på 17 år. Dette er litt meir enn eit år tidlegare enn det som var føresett etter at innkrevjingsordninga for prosjektet blei endra, jf. St.prp. nr. 29 (2002-2003). Innkrevjinga av bompengar er no avslutta. Hitra, Frøya og Snillfjord kommunar har gått inn for å vidareføre innkrevjinga av bompengar i sambandet i 14 månader, frå 1. november 2008 og ut 2009, for å finansiere ny vegløyasing over Dolmøya.

Ny bru over Dolmsundet og vegløyasing over Dolmøya var ein del av prosjektet Hitra – Frøya fastlandssamband. Hitra kommune la inn motsegn mot planane om ny bru over Dolmsundet. Miljøverndepartementet gav kommunen medhald i saka. Planane om ny bru over Dolmsundet og vegløyasing over Dolmøya blei derfor tekne ut av prosjektet, jf. St.prp. nr. 1 (2000-2001) og St.prp. nr. 76 (2000-2001). Riksvegen over Dolmøya blei som ei mellombels løysing, lagt langs den gamle fylkesvegen. Det blei lagt til grunn at bygging av ny bru over Vettastraumen skulle ta til i siste del av handlingsprogramperioden 2002-2005, jf. St.prp. nr. 1 (2001-2002).

Kommunane er no samde om eit forslag om ny veg over Dolmøya og ønskjer å bruke bompengar

frå eksisterande ordning til å delfinansiere og forskottere bygginga av vegen. Prosjektet kan med ei slik løysing opnast for trafikk i 2010 noko som er 4-5 år tidlegare enn det som er lagt til grunn i forslaget til handlingsprogram 2006-2015 for øvrige riksvegar i Sør-Trøndelag.

Lokalpolitisk behandling

Det er fatta likelydande vedtak om utviding av innkrevjingsperioden i kommunestyra i Hitra, Frøya og Snillfjord kommunar. Alle kommunane fatta vedtaket 28. august 2008. I vedtaket står det m.a.:

1. «Hitra/Frøya/Snillfjord kommunestyre aksepterer at omlegging av Rv. 714 over Dolmøya (strekningen Vikansvingen – Stråmyra) følger traseen som er vedtatt av Hitra kommunestyre, og at forskottering/delfinansiering skjer gjennom utvidelse.
2. Forlengelse av bompengeperioden forutsetter fortsatt fri passering for pendlere bosatt i Snillfjord. For perioden 01.11.08 – 31.12.09 dekkes disse kostnadene med 50 % av Hitra kommune, og 50 % av Frøya kommune/Frøya Nye Næringsforening. I tillegg forutsettes at Frøya kommune/Frøya Nye Næringsforening dekker 100 % av kostnadene med fri passering for «øvrige snillfjordinger», i perioden 01.11.08 – 31.12.09. Det skal opprettes egen avtale som regulerer partenes rettigheter og forpliktelser knyttet til slik fri passering og betaling.»

Sør-Trøndelag fylkeskommune har slutta seg til opplegget gjennom vedtak i fylkesutvalet 2. september 2008:

«Fylkesutvalget viser til vedtak 137/2008 vedrørende omlegging av Rv 714 over Dolmøya (strekningen Vikansvingen – Stråmyra) og aksepterer at forskottering/delfinansiering skjer gjennom utvidelse av bompengeperioden (ved Sandstad-bommen) til 31.12.2009.

Forlengelse av bompengeperioden forutsetter fortsatt fri passering for pendlere bosatt i Snillfjord. For perioden 01.11.08 – 31.12.09 dekkes disse kostnadene med 50 % av Hitra kommune, og 50 % av Frøya kommune/Frøya Nye Næringsforening. I tillegg forutsettes at Frøya kommune/Frøya Nye Næringsforening dekker 100 % av kostnadene med fri passering for «øvrige snillfjordinger», i perioden 01.11.08 – 31.12.09. Det skal opprettes egen avtale som regulerer partenes rettigheter og forpliktelser knyttet til slik fri passering og betaling.

Fylkesrådmannen anbefaler at avtalen med gratis passering av «Snillfjordinger» holdes utenfor selve bompengesøknaden og ordnes gjennom et lokalt avtaleverk.»

Kommunane har i vedtaket føresett at pendlar som er busette i Snillfjord, får passere bomstasjonen gratis i perioden. Fylkeskommunen har i sitt vedtak lagt til grunn at dette blir ordna gjennom eit lokalt avtaleverk. Departementet støttar fylkeskommunen si vurdering.


I saksframlegget som låg til grunn for fylkesutvalet si behandling av saka, går det fram at fylkeskommunen er klar over at dei statlege midlane som er føresett prioriterte i 2013 og 2014, vil påføre fylkeskommunen økonomiske bindingar som følgje av forvaltningsreforma. Fylkeskommunen har orientert Statens vegvesen om at vedtaket inneber at dei har forplikta seg til å følgje opp prosjektet med fylkeskommunale midlar seinast i åra 2013 og 2014.

Omtale av utbygginga

Utbygginga omfattar bygging av ny rv 714 mellom Vikstrøm og Stråmyra over Vettastraumen. Prosjektet vil avløyse ein veg med dårleg standard. Vegen er smal med dårleg kurvatur og dårlege kryssløysingar. Det har vore alvorlege trafikkulykker på strekinga. Prosjektet inkluderer bygging av ny bru over Vettastraumen. Byggekostnadene for prosjektet er kostnadsrekna til om lag 100 mill. kr.

Bompengoordning og finansieringsplan

Det er lagt opp til å vidareføre innkrevjingsordninga i 14 månader. Det er rekna med at dette vil gi ei nettoinntekt på om lag 35 mill. kr. I tillegg er det rekna med innkrevjingskostnader på om lag 4,5 mill. kr. Det er ikkje foreslått å endre takst- og rabattsystemet.



Figur 4.1 Kartskisse

Det er lagt opp til at bompengeselskapet forskotterer dei offentlege løyvingane mot refusjon i 2013 og 2014. Opplegget inneber at bompengeselskapet også må dekkje renter på lån av dei forskotterte midlane. Desse er vurdert til å utgjere om lag 20 mill. kr. Det er da lagt til grunn at 35 mill. 2008-kr i offentlege midlar blir refundert i 2013 og 50 mill. 2008-kr i 2014. Dette gir denne finansieringsplanen for prosjektet:

	Mill. kr
Bompengar	15
Offentlege midlar	85
Sum	100

Samferdselsdepartementets vurdering

Samferdselsdepartementet er samd med lokale styresmakter i at det er viktig å få bygd om denne vegstrekinga så snart som råd. Utvidinga av ordninga skal finansiere eit tiltak som var ein del av det opphavlege prosjektet som skulle bompengefinansierast. Departementet tilrår derfor at bompengeselskapet får løyve til å forlengje bompengeinnkrevjinga i tråd med omtalen ovafor.

5 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak

Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

Post 70 Kjøp av sjøtransporttenester på strekinga Bergen – Kirkenes

Samferdselsdepartementet viser til tidlegare omtale av status for tingingane med Hurtigruten ASA om gjeldande avtale, seinast i St.prp. nr. 1 (2008-2009). I St.prp. nr. 1 (2008-2009) går det òg fram at selskapet har opplyst at det ikkje lenger kan stå ved avtaleforholdet med staten i si noverande form.

Tingingane mellom selskapet og departementet er nettopp avslutta. Ut frå ei samla vurdering blir det foreslått at Hurtigruten ASA får kompensasjon til å dekkje selskapet sine kostnader til betaling av NOx-avgifta for 2007 og innbetaling til næringslivet sitt NOx-fond i første halvår 2008. Kompensasjonsgraden er sett til 90 pst. Totalt utgjør dette 59 mill. kr. Som følgje av den vanskelege økonomiske situasjonen selskapet har kome i, finn departementet det òg nødvendig å gjere framlegg om ein generell økonomisk kompensasjon på 66 mill. kr for 2008 for å sikre at tenestetilbodet blir halde oppe på om lag same nivå som fastsett i gjel-

dande avtale. Departementet har òg godkjent at selskapet kan ta ut eitt skip av kystruta Bergen – Kirkenes f.o.m. november 2008 t.o.m. mars 2009. På bakgrunn av at selskapet har varsla at det ikkje kan stå ved avtalen som gjeld til utgangen av 2012, vil departementet setje i gang arbeidet med å førebu utlysing av tenestekjøp av kystruta Bergen – Kirkenes for å etablere ein ny avtale. Gjeldande avtale blir avvikla frå det tidspunkt ny avtale med valt operatør kan setjast i drift.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at kompensasjonen for innbetaling til næringslivet sitt NOx-fond blir ført vidare i resten av den reviderte avtaleperioden. Departementet finn det òg nødvendig med ein generell kompensasjon i resten av den reviderte avtaleperioden, dersom ikkje det økonomiske resultatet til selskapet knytt til det statlege tenestekjøpet, blir vesentleg betre. Godkjenning av uttak av eitt skip i vintersesongen gjeld òg for resten av avtaleperioden.

Departementet tek sikte på å implementere resultatet av tingingane i ein revidert avtale mellom Samferdselsdepartementet og Hurtigruten ASA.

Resultatet av tingingane vil bli lagt fram for ESA. Etter Samferdselsdepartementets vurdering er ikkje det skisserte opplegget i strid med statsstøtteregelverket. Dersom ESA likevel ikkje skulle godta løysinga, vil Hurtigruten ASA kunna bli pålagt å betale attende det som måtte bli vurdert som ulovleg støtte.

På denne bakgrunn foreslår departementet å auke løyvinga for 2008 på kap. 1330, post 70 Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen – Kirkenes, med 125 mill kr. Departementet vil kome tilbake med framlegg om tilleggsloyving for 2009.

6 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Kap. 1350 Jernbaneverket

Post 23 Drift og vedlikehald

I oktober i år brann det i eit snøoverbygg på Bergensbana i nærleiken av Hallingskeid stasjon. Brannen gjorde store skader på spor, kontaktledning og tekniske installasjonar langs lina. Jernbaneverket måtte skifte ut om lag 100 sviller, leggje nye skjener og kontaktledning saman med ein del andre kablar. I tillegg måtte det byggjast nytt snøoverbygg. Dette kosta om lag 5 mill. kr.

Realistisk budsjettering av salsinntekter

På grunn av dei endra inntektsoverslaga på kap. 4350, post 02 Sal av utstyr og tenester mv., foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald med 70 mill. kr. Auken i løyvinga har ikkje nokon effekt på aktivitetsnivået i Jernbaneverket, jf. omtalen under kap. 4350, post 02.

Oppsummering

Departementet foreslår på denne bakgrunn å auke løyvinga på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald, med i alt 75 mill. kr.

Post 30 Investeringar i lina

Det går fram av omtalen i St.prp. nr. 1 (2008-2009) at det er ein risiko knytt til kostnadene for prosjektet med omsyn til verdsettinga av grunnervervet på Ganddal godsterminal. Verdsettinga av grunnervervet har vore behandla i Jæren tingsrett og Gulating lagmannsrett. Jæren tingsrett avsa 9. mars 2006 skjøn for verdsettinga av grunnervervet med om lag 75 mill. kr. Skjønet blei anka. Grunngevinga var at skjønnet var gjort på feil grunnlag. Gulating lagmannsrett avsa overskjøn 1. juli 2008 med ei samla verdsetting til 95 mill. kr. Overskjønnet blei anka til Høgsterett med den same grunngevinga. Ankeutvalet i Høgsterett av slo 29. september 2008 å ta saka opp til behandling. Overskjønnet frå Gulating lagmannsrett er dermed rettskraftig.

I tillegg til erstatning for grunnervervet på 95 mill. kr kjem om lag 10,5 mill. kr i renter og grunneigarane sine saksomkostningar på om lag 8,9 mill. kr. Dei samla kostnadene for grunnervervet utgjer no 113,9 mill. kr.

For å dekkje auka kostnader til grunnervervet på Ganddal godsterminal på grunnlag av rettskraftig dom foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 1350, post 30 Investeringar i lina, med 38,6 mill. kr.

Kap. 4350 Jernbaneverket

Post 01 Køyrevegsavgift

LKAB/Malmtrafikk AS har klaga til Samferdselsdepartementet på Jernbaneverkets utrekning av køyrevegsavgift for bruk av Ofofbana for åra 2005 og 2006. Køyrevegsavgifta har to satsar. Det var ein nullsats for tog med aksellast opp til 22,5 tonn (no 25 tonn), og ein høg sats for tog med aksellast over 22,5 tonn. I 2005 og 2006 var køyrevegsavgifta knytt til faktisk aksellast og ikkje som no til tillate aksellast på godstoga. Jernbaneverket har i utrekninga av køyrevegsavgifta for toga til Malmtrafikk

AS på Ofoftbana i 2005 og 2006 nytta den høge satsen for køyrevegsavgift (for tog med aksellast over 22,5 tonn) for transport til og frå Narvik. Malmtrafikk AS sin transport frå Narvik har hatt ei faktisk aksellast under terskelen for den høge avgiftssatsen. Samferdselsdepartementet har gitt Malmtrafikk AS medhald i at det var utrekna for høg avgift i 2005 og 2006 for LKAB/Malmtrafikk AS si «tomkøyning» frå Narvik til riksgrensa. På dette grunnlaget har Jernbaneverket i 2008 motrekna 8,2 mill. kr til Malmtrafikk AS i form av redusert fakturering av avgift for 2008.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor opp å redusere løyvinga på kap. 4350, post 01 Køyrevegsavgift, med 8,2 mill. kr.

Post 02 Sal av utstyr og tenester mv.

Jernbaneverket har inntekter frå m.a. sal av jernbanetekniske tenester, sal av utstyr, inntekter frå museumsdrifta. Det er knytt utgifter til desse inntektene. Inntektene kan variere frå år til år, noko som gjer at det kan vere vanskeleg å fastsetje nivået ved budsjetteringa. Det er derfor knytt ei meirinntektsfullmakt til posten.

Rekneskapen for dei siste åra viser at inntektene har vore vesentleg høgare enn budsjettert. For 2007 viser rekneskapen inntekter på posten på 205,5 mill. kr, medan det var budsjettert med 103,8 mill. kr i inntekter. Ut frå kravet til realistisk budsjettering må inntektene og utgiftene aukast. På grunnlag av nye prognosar for inntektene i 2008 foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 4320, post 02 Sal av utstyr og tenester mv., med 70 mill. kr, jf. kap. 1350, post 23.

7 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar

Kap. 4380 Post- og teletilsynet

Post 01 Diverse gebyr

I samband med lønsoppgjøret for 2008 er Post- og teletilsynet tildelt 4 638 000 kr i lønskompensasjon på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Staten er sjølvfinansierende. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse gebyr, med 4 638 000 kr.

Post- og teletilsynets reguleringsfond

Post- og teletilsynet er sjølvfinansierende. Det blir kravd inn gebyr som blir inntektsført på kap. 4380,

post 01 Diverse gebyr. Inntektene skal dekkje utgiftene på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrskjøp, med unntak av 10 mill. kr til finansiering av Radiostøykontrollen. Post 22 Flyttekostnader og post 71 Tilskot til teletryggleik og beredskap, inngår ikkje i sjølvfinansieringa.

I 1993 blei det etablert ei ordning med reguleringsfond. Fondet er eit hjelpemiddel for å kompensere for tilfeldige variasjonar i inntektene, slik at kravet til Post- og teletilsynets sjølvfinansiering kan tilfredsstillast utan store gebyrendringar i det einstilte år. Gebyra blir fastsett med heimel i ei eiga gebyrforskrift. Det einstilte gebyr skal vere kostnadsbasert.

Før flyttinga av tilsynet til Lillesand i mai 2007 blei ein del større utstyrskjøp utsett. Det var òg lenge uvisse om kor store kostnadene i samband med flyttinga og etableringa i Lillesand ville bli. Flytteprosessen er no gjennomført, og tilsynet er kome inn i ein «normal driftssituasjon».

Nivået for forbruket på kap. 1380, postane 01 og 45, i 2008 ser ut til å vere det riktige nivået også for dei komande åra. Forbruket for 2008 vil vere lågare enn den disponible løyvinga på kap. 1380, postane 01 og 45. Mindreforbruket vil bli på om lag 34 mill. kr. Det vil ikkje vere behov for å be om å få overført dei unytta midlane til 2009.

Sidan Post- og teletilsynet er finansiert med gebyr frå brukarane vil det vere urimeleg og i strid med prinsippa bak sjølvfinansieringa å ikkje la dette mindreforbruket kome brukarane til gode. Departementet foreslår at dei unytta løyvingane blir overførte til reguleringsfondet. Dei vil bli tilbakeført til brukarane ved at gebyra i dei nærmaste åra blir lågare enn det som er nødvendig for å dekkje utgiftene. Differansen mellom utgiftene og gebyrinntektene vil bli dekt ved ta midlar frå reguleringsfondet. Dette inneber ei gradvis nedtrapping av reguleringsfondet. Vidare inneber dette at ein unngår for store svingingar i storleiken på gebyra frå eitt år til eit anna. Storleiken på fondet bør spegle av formålet med fondet. Etter nedtrappinga vil storleiken på fondet vere på om lag 8-10 mill. kr.

Pr. 01.01.2008 er saldoen på reguleringsfondet på 28,5 mill. kr. Ei overføring til fondet på om lag 34 mill. kr pr. 31.12.2008 vil bringe fondet opp i om lag 63 mill. kr.

Samferdselsdepartementet har i 2008 fullmakt til å overføre inntil 10 mill. kr til eller frå Post- og teletilsynets reguleringsfond. Departementet foreslår på denne bakgrunn å auke fullmakta for 2008 for å føre til eller frå reguleringsfondet til 35 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2008 mv. under Samferdselsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2008 mv. under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2008 mv. under Samferdselsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1313		Luftfartstilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 153 000 000 til kr 165 000 000	12 000 000
1320		Statens vegvesen:	
	23	Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksveggar m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72</i> , blir auka med frå kr 7 061 500 000 til kr 7 252 500 000	191 000 000
	29	Vederlag for OPS-prosjekt, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23 og post 30</i> , blir auka med frå kr 285 000 000 til kr 460 000 000	175 000 000
	30	Riksveginvesteringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23, post 29, post 31, post 60 og post 72</i> , blir auka med frå kr 5 785 300 000 til kr 5 821 300 000	36 000 000
1330		Særskilde transporttiltak:	
	70	Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen – Kirkenes, blir auka med frå kr 287 900 000 til kr 412 900 000	125 000 000
1350		Jernbaneverket:	
	23	Drift og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 30</i> , blir auka med frå kr 3 489 600 000 til kr 3 564 600 000	75 000 000
	30	Investeringar i lina, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23</i> , blir auka med frå kr 2 372 900 000 til kr 2 411 500 000	38 600 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4300		Samferdselsdepartementet:	
	96 (NY)	Aksjar, blir løyvd med	667 000
4313		Luftfartstilsynet:	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 101 300 000 til kr 113 300 000	12 000 000
4320		Statens vegvesen:	
	01	Salsinntekter m.m., blir auka med frå kr 140 800 000 til kr 260 800 000	120 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	02	Diverse gebyr, blir auka med frå kr 255 500 000 til kr 299 500 000	44 000 000
	03	Refusjonar frå forsikringsselskap, blir auka med frå kr 41 700 000 til kr 89 700 000	48 000 000
4322		Svinesundsforbindelsen AS:	
	90	Avdrag på lån, blir redusert med frå kr 24 000 000 til kr 14 700 000	9 300 000
4350		Jernbaneverket:	
	01	Køyrevegsavgift, blir redusert med frå kr 21 800 000 til kr 13 600 000	8 200 000
	02	Sal av utstyr og tenester mv., blir auka med frå kr 108 300 000 til kr 178 300 000	70 000 000
4380		Post- og teletilsynet	
	01	Diverse gebyr, blir auka med frå kr 174 500 000 til kr 179 138 000	4 638 000

II

Stortinget samtykkjer i at:

1. Samferdselsdepartementet kan gi Luftfartstilsynet fullmakt til å inngå avtale om å leige lokale som pådrar staten forpliktingar på inntil 15 mill. kr ut over det som kan dekkjast innafor gjeldande løyvingsnivå under kap. 1313 Luftfartstilsynet, post 01 Driftsutgifter, frå og med budsjettåret 2011.
2. bompengeselskapet får løyve til å vidareføre dagens ordning med å krevje inn bompengar til delfinansiering av utbygging av E6 Øst på endeparsellane Nidelv bru – Grillstad i Trondheim kommune og Værnes – Kvithammar i Stjørdal kommune fram til Stortinget har behandla proposisjon om å utvide prosjektet.
3. bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delfinansiering av utbygginga på rv 714 Hitra – Frøya fastlandsamband i tråd med vilkåra i denne proposisjonen.
4. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga for utbygginga på rv 714 Hitra – Frøya fastlandssamband.
5. Samferdselsdepartementet i 2008 kan overføre inntil 35 mill. kr til eller frå Post- og teletilsynets reguleringsfond.

